

## SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 21.3.23

Stad: Fjordsenteret

---

### Sak 8/23. Prisar på jaktkorta for småvilt

#### Saksopplysning/vurdering:

Fjellstyret fastsette i sak 14/18 følgjande prisar for småviltjakta i Aurland statsallmenning:

	<i>Innanb.buande</i>	<i>Utanb.buande</i>
1 dag:	90,-	180,-
2 dagar:	160,-	320,-
3 dagar:	220,-	440,-
1 veke:	350,-	700,-
Sesong:	500,-	1000,-

Den lange tida som har gått sidan siste prisjustering, tilseier at det er på tide å gjera ei ny vurdering av prisane. Auken i konsumprisindeksen på dei 5 åra som har gått sida førre prisjustering er på om lag 17,5 %. Det vil seia at kr 1000 i 2018 tilsvarar kr 1175 i dag. Fjellstyret kan og sjå på gjeldande prisar i andre statsallmenningar, for å sjå kvar prisnivået ligg. Prisane for kvar kortkategori kan gjerne rundast av til næraste tikronar.

Forskrifta om jakt, felling, fangst og fiske på statsallmenning regulerer prisar på jakt- og fiskekort for statsallmenning. § 13 i denne forskrifta har øvre prisrårer for m.a. jaktkort for småviltjakt for utanbygdsbuande jegerar. Prisane for utanbygdsbuande kan maksimalt vera det doble av prisane for innanbygds jegerar. Her er eit utdrag av denne forskrifta :

#### **§ 15. Prisrammer for småviltjakt og fangst**

*For småviltjakt og fangst gjelder følgende øvre prisrammer for utenbygdsboende:*

- a. dagskort kr 280,-*
- b. 5-dagerskort kr 1130,-*
- c. ukekort (7 dager) kr 1580,-*
- d. sesongkort kr 2590,-.*

*Prisen på 2- og 3-dagerskort for småviltjakt og fangst skal ikke overstige prisrammen pr. dag ganger antallet dager kortet gjelder for.*

*Prisen på småviltjakt og fangst for innenbygdsboende kan ikke settes lavere enn halvparten av prisen for utenbygdsboende.*

## SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 21.3.23

Stad: Fjordsenteret

---

*Sak 8/23, side 2*

### Jakt på smårovvilt:

Fjellstyret innførte for nokre år sidan jaktkort for «smårovvilt,» som kan strekkja seg utanfor jakttida for t.d. rype og hare. Raudrev har t.d. jakttid 15.7.-15.4. Omfanget har vore lite, gjerne 4-6 i året. Ved søk på Inatur går det fram at fleire fjellstyre tilbyr sesongkort for slik jakt for 50-100 kroner. Her i Aurland har prisen til no vore kr 100 for årskort. Å fastsetja ein kortpris for denne typen jakt vert gjort for m.a. å etterleva kravet i § 25 i Fjellova, som seier at jakt og fangst i statsallmenning berre kan drivast mot løysing av jaktkort og betaling av avgift. Eg vil føreslå at fjellstyret framleis held ein låg pris for for slik jakt, og at denne framleis vert kr 100 for årskort.

### **Framlegg til vedtak:**

Fjellstyret fastset følgjande prisar på småviltjakta i Aurland statsallmenning.

	<u>Innanb.buande</u>	<u>Utanb.buande</u>
1 dag:	100,-	200,-
2 dagar:	190,-	380,-
3 dagar:	260,-	520,-
1 veke:	400,-	800,-
Sesong:	600,-	1200,-

Pris på årskort for smårovvilt vert fastsett til kr 100.

Fjellstyrekontoret, den 13.3.23

Harald Skjerdal